

**Nei til oppretting av festetomt**

09.07.2010

**Odd Sigve Barane på Stord har søkt Kvinnherad kommune om oppretting av festetomt for campinghytte i Uskedalen, men fått avslag.**

**Grunnen til avslaget er at oppretting av festetomt vil vera i strid med gjeldande reguleringsplan.**

Verksemdsleiar Tormod Fossheim visar til at området han ønskjer å festa i gjeldande reguleringsplan er avsett til camping og at den endra reguleringsplanen som no er under behandling viser bevertning/herberge.

Desse formåla medfører etter Fossheim sitt syn at det skal drivast næring og utleige.

Det kan ikkje opprettast festetomter då det vil medføra ei privatisering av området og vera i strid med intensjonane i reguleringsplanen.

Søkjaren må eventuelt inngå bruksavtalar med eigaren og rettar om veg og leidningar vert noverande grunneigar sine rettar. Slike bruksavtalar kan søkjaren inngå uavhengig av plan- og bygningslova.